

Klatreveggen Nessethallen, noen tall og litt historikk

Det er 6 år sia klatreveggen i Nessethallen vart tatt i bruk hausten 2017. I tillegg til onsdagsklatringa som eresfjordingane stort sett bruker, er det åpent 2 timar kvar tysdag og torsdag. I løpet av desse 6 åra er det registrert 6242 besøk i klatreveggen. Berre i 2023 har det vore 1606 besøk, ei auke på 425 frå 2022 då det var 1181 personar som var innom klatreveggen. I 2023 var det åpent 134 kveldar, det gjev eit snitt på rundt 12 besøk kvar gong.

I 2023 har vi arrangert 4 Topptakurs, der 27 personar har deltatt. Sia starten i 2017 har vi har vi kursa opp 81 personar, herav 6 i Brattkort.

Ubeskjedent nok meiner eg at klatringa er den aktiviteten i Nessethallen som har har vore den mest besøkte og den aktiviteteten som har halde på jamt og trutt alle åra.

Via HMS-regimet i klatreveggen må alle signere ei eigenerklæring ved første besøk for å kunne klatre i veggen. Det er er rundt 700 enkeltpersonar som har signert slik avtale. Det betyr at det har vore like mange forskjellige personar innom veggen for å klatre ein eller fleire gonger.

Klatregruppa i Eresfjord I.L. har tatt på seg ansvaret for sikkerhet og HMS samt organisering av aktiviteten i klatreveggen. Det er laga ein signert avtale mellom klatregruppa og Nesset kommune.

Klatreveggen i Nessethallen vart bygd og tatt i bruk oktober 2017. Tjelmeland Friksjon bygde veggen og kostnadane på ca 1 mill kroner vart dekt av Nesset kommune, som del av dei totale byggekostnadane for Nessethallen.

I 2020 vart veggen utvida med 2 autobelayer samt påbygging av veggen i ein vinkel med omlag 3 meter. Kostnadane med dette vart dekt av Klatregruppa i i Eresfjord I.L. Eit spleiselag med tilskott frå Kraftfondet, Romsdalsbanken, Miljøfondet, Klatreforbundet samt eigne midlar dekte kostnadane på kr 257.282,-.

I 2023 vart veggen utvida med enda fleire «klatregrep» og ekstra ruter du kan klatre.

Kostnadene på 45.000,- kroner er det Klatregruppa som har finansiert. Også denne gongen med spleiselag og støtte frå Kraftfondet, Utviklingsfondet og Miljøfondet i kraftutbyggingskommunen Nesset. Tilsaman har derfor Klatregruppa pr oktober 2023 bidratt med over 302.000,- kroner.

Eresfjord 31/12 - 2023

Klatregruppa i Eresfjord I.L.

Bjørn Magne Øverås